

Nyheitsbrev

Goddo Grendalag

Utgåve nummer 3 Oktober 2024

Her kommer litt frisk informasjon fra Goddo Grendalag.

Arrangement

Oktober har vore ein travel månad med mange arrangement på Grendatunet, og me ønsker å takke alle som har stått på for at oktober har blitt ein så bra månad for oss alle. Det er viktig å bruka huset heila året, ikkje berre for utleige 😊

Eg ønsker spesielt å trekka fram Dagfinn sitt foredrag om pigghåfiske, Solfrid & Co med songkveld og Åsmund som sto i spissen for haustfesten. Har du eit ønske om å gjera noko på Grendatunet så må du ta kontakt, det er rom for alle.

Foredraget til Dagfinn trakk rundt 100 stk til Grendatunet, deriblant ein som kom heilt frå Askøy, Songkveld trekker rundt 50 stk kvar gong og Haustfesten hadde 72 stk. Detta viser viktigheita av å ha eit stort grendatun i god forfatning på Goddo.

Det vil bli julegrantenning 1. advent, meir info om det kommer seinare. Ønsker du å hjelpe på den eine eller andre måten, så ta kontakt. Me er glad for all hjelp me kan få 😊

Vedlikehald

Me har hatt el. tilsyn på Grendatunet og i den samanheng så har det dukka opp litt småtteri som må ordnast. Heilt korleis det blir løyst er ikkje sikkert enda, men me held på å hente inn anbod på utbetringane som krevst av oss. Det som er 100% sikkert er at det ikkje lengre er lov til å oppbevare ting/utstyr på tavlerommet (rommet der sikringane er).

Ballbingen vil få lys som virka i løpet nærmaste framtid. Lampane har vore øydelagt litt for lenge, men no er det lys i tunellen.

Helsing

Styret

